



**OFFENTLEG
MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kontrollutvalet

Møtestad: Åram skule – Vest kontroll.

Dato: 11.04.2019

Møtet tok til: 08:00

Møtet slutta: 09:50

Møtet var innkalla ved utsend sakliste og sakene var tilgjengeleg på kontrollutvalet si heimeside.

— Knut Aksel Thunem leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Knut Aksel Thunem	Leiar
Lidvar Kragset	Nestleiar
Oddvin Kragset	Medlem
Miriam Nystøyl	Medlem, kom i sak 14/19.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	
Ester Sjørdal Klungre	Medlem

Varamedlemar som møtte:

Namn	
Hallstein Ljoså	Vara

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Karoline Sighaug	Konsulent.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Revisor Halldis Moltu	Revisor.

Frå administrasjonen / politisk hald møte:

Namn	Stilling
-------------	-----------------

Underskrifter:

Vi stadfestar at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Knut Aksel Thunem
Leiar

Lidvar Mindor Kragset.
Nestleiar

SAKLISTE

- SAK 11/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 12/19 GJENNOMGANG AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 13/19 MELDINGAR
- SAK 14/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 15/19 ORIENTERING – VILTNEMNDBILEN
- SAK 16/19 PROSJEKTPLAN – TENESTEYTING HEIMESJUKEPLEIE
- SAK 17/19 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018
- SAK 18/19 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018
- SAK 19/19 ORIENTERING – LADESTASJON

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/19	033	19.03.2019	11.04.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Lidvar Mindor Kragset.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/19	049	19.03.2019	11.04.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 14.03.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 14.03.2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/19	033&17	01.04.2019	11.04.2019	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. E-post «Frå kontrollutvalsmøte 14.03.2019». Datert 18.03.2019.
Skrifteleg orientering frå rådmannen angående tilsetjing av Strategi – og utviklingsleiar.
2. E-post «Økonomisk sosialhjelp». Datert 14.mars 2019.
3. Frå bladet «kommunerevisoren 1-2019 «Løft blikket!».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/19	033&58	19.03.2019	11.04.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har på noverande tidspunkt, ikkje merknad til gjennomgådde offentlege (A) møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet kjem tilbake til ein eigen gjennomgang av ikkje-offentlege (B) protokollar for kontroll av grunnlaget for lukking av møter, samt unntaket av ikkje-offentlege dokument i sakene. I denne gjennomgangen vil utvalet sjå på saker i 2018-2019.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vanylven kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/vanylven/Dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Formannskapet	05.03	12.03	26.03
Kommunestyret	05.03	19.03	
Planutvalet			
Driftsutvalet		07.03	
Livsløputvalet	06.03		
Hamnestyret			
Valstyret			
Eldrerådet	24.01	04.03	
Administrasjonsutvalet			
Arbeidsmiljøutvalet		11.03	
Råd for funksjonshemma	16.01	08.03	

Vanylven Utvikling AS

Vest Kontroll tek med protokollar til møtet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/19	047	01.04.2019	11.04.2019	KS

ORIENTERING – VILTNEMNDBILEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den munnlege orienteringa til vitende og ber rådmannen gi tilbakemelding til revisor på ubesvarte spørsmål.

Vedlegg

Ingen vedlegg.

Saksopplysing

Revisor Halldis Moltu vil orientere og svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/19	217	28.03.2019	11.04.2019	KS

PROSJEKTPLAN – TENESTEYTING HEIMESJUKEPLEIE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt tenesteyting heimesjukepleie, jf. prosjektplan.

Vedlegg

Saksopplysningar

Kontrollutvalet vedtok i sak 10/19 at neste forvaltningsprosjekt er knytt til tenesteyting heimesjukepleie.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon har utarbeida prosjektplan, med fylgjande problemstillingar:

1. Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak?

I tillegg vil ein utarbeide ei deskriptiv analyse med samanlikning av nabokommunar (basert på KOSTRA) knytt til tenesteyting heimesjukepleie.

Viser elles til vedlagte prosjektplan for utfyllande informasjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/19	216	02.04.2019	11.04.2019	KS/JS

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018

Samrøystes vedtak

1. Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2018.
2. Kontrollutvalet har merka seg at rutina kring sjukepengerefusjon ikkje har fungert, og ber rådmannen om tilbakemelding på kva tiltak som vert sett i verk.

Vedlegg

Rapportar frå revisjonen B- dokument (**Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk**).

Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen vert gjort merksam på ein del tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova § 77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året i møtet.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i vegleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF § 11
Krava her er følgt opp.
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg RF § 12
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit. RF § 15
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for 2018.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet. RF § 13 og § 14.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Revisor skal vurdere sin uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom erfaring med revisjonen, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg -dokument frå revisjonen.
Dette dokumentet er omfattande og detaljert, og omhandlar revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2018 rekneskapen.
Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira påsjå-ansvar overfor revisjonen.
Oppsummeringa:
Kommunen har eit ryddig og godt dokumentert rekneskap, som er levert til revisjon i god tid for å kunne rekke fristane vidare.
Kommunen har gode rutinar, som i all hovudsak vert følgt. Leiinga er oppteken av at lover og reglar skal fylgjast, og dei på økonomiavdelinga har god kunnskap for å sikre kvaliteten på rekneskapen.
Beløpa i rekneskapen er rimeleg i samsvar med budsjett, og det betyr at det er god budsjettdisiplin.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
Gjeldande lov og forskrifter har vorte lagt til grunn. Avtale er inngått, og gjeld frå 01.01.2015.
7. Revisjonsstrategi/planlegging.
Revisor har utarbeida revisjonsplanlegging for 2018. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 31/18.
8. Nummerert brev. RF § 4
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2018.
9. Mislegheiter. RF § 3, RF § 4, KF § 8
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om direkte mislegheiter i 2018.
10. Revisjonsmeldinga. RF § 5
Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 29.03.2019.
11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.
Revisor har følgt sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.
Det er ikkje grunn til å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

I møtet:

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/19	212	01.04.2019	11.04.2019	JS/KS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2018 datert 29. mars 2019.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Vanylven kommune for rekneskapsåret 2018 som består av balanse pr. 31.12.2018, driftsrekneskap som viser kr 211.443.869 til fordeling drift, eit positivt netto driftsresultat på kr 15.854.725 og eit rekneskapsmessege mindreforbruk på kr 6.047.096, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. 31.12.2018, samt notar og samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.

Vedlegg

- Årsmelding 2018. Datert 26.03.2019 (versjon 1).
- Rekneskap 2018. Datert 29.03.2019.
- Revisjonsmelding 2018. Datert 29.03.2019.

Saksopplysning

Grunnlag for kontrollutvalet si behandling er det avlagde årsrekneskapet datert 29.03.2019, revisjonsmeldinga datert 29.03.2019 og den framlagde årsmeldinga.

Revisor og evt. rådmann/økonomisjef vil i møte kunne gi supplerande opplysningar.

Driftsrekneskapen viser kr 211.443.869 til fordeling i drift.

Rekneskapen har avslutta med eit rekneskapsmessege mindreforbruk på Kr 6.047.096. (Kr 17.039.116 i 2017).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2018 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld alle obligatoriske skjema.

Innhaldslista finn ein på side 3.

Notane «1 til 24» gir veldig gode forklaringar/informasjon.

Detaljert rekneskap, med investeringsrekneskap og balanse fylgjer også med.

Årsmeldinga

Årsmeldinga har flg. inndeling:

Innleiing med ordføraren har ordet og rådmannen si årsmelding

Drift som viser korleis arbeider vi i kommunen, kva tilbod har vi og dei tilsette

Økonomi som viser kva pengar har vi til drift

Sektorane Folkevalde, Stab, Teknisk, Helse og omsorg og Kultur og oppvekst

Detaljane Områdeoversikt: Helse og omsorg, Kultur og oppvekst og Teknisk

Kommunal ordliste som er forklaring på ord og uttrykk.

Årsmeldinga er enkel, lettlest og svært oversiktleg.

Ein viser til kommunelova § 48 nr 5 og meiner det burde kome klarare fram i årsmeldinga kva tiltak som er sett i verk og tiltak som vert planlagt iversett for å sikre trygg kontroll med ein høg etisk standar for verksemda.

Avslutning

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2018 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/19	047	01.04.2019	11.04.2019	KS

ORIENTERING – LADESTASJON

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek den munnlege orienteringa frå Thunem og Nystøyl til vitende.
2. Kontrollutvalet vil sjå meir på saka.
3. Kontrollutvalet bestiller ein rapport frå revisjon med gjennomgang av kva som har skjedd i saka og ber også om svar på eventuelle lov- og regelbrot.

Vedlegg

1. Sak 38/2019 i kommunestyret «Ladestasjon Fiskå – Rekneskapsavslutning.

Saksopplysning

I møtet

Leiar i kontrollutvalet Knut Aksel Thunem og medlem Miriam Nystøyl orientere frå kommunestyremøtet vedkomande saka.

ANDRE TILHØVE

Kontrollutvalsmøtet 26.09.2019 vert flytta til 01.10.2019, kl. 08.00.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.